



NOREGS HØGSTERETT

Den 13. juni 2018 sa Høgsterett orskurd i

HR-2018-1130-A, (sak nr. 2018/138), sivil sak, anke over orskurd

A (advokat Karoline Bjerke Wangberg – til prøve)

mot

Rørleggerservice AS (advokat Per Conradi Andersen)

R Ø Y S T I N G :

- (1) Dommar **Høgetveit Berg**: Saka gjeld krav om tilbakebetaling av vederlag og skadebot etter rørleggaroppdrag. Hovudspørsmålet er om søksmålet skal avvist etter tvistelova § 19-15 tredje ledd fordi krava i søksmålet er rettskraftig avgjort.
- (2) Rørleggerservice AS tok sommaren 2014 på seg eit rehabiliteringsoppdrag knytt til badet til A. Undervegs i arbeidet vart det reklamert på utføringa og framdrifta ei rekkje gonger. A heldt tilbake betalinga for to fakturaer på noko under 200 000 kroner.
- (3) Mot sommaren 2015 meinte Rørleggerservice AS seg ferdig med arbeidet. Betalingsoppmodning vart sendt A 21. mai 2015. Varsel om forliksklage vart sendt 10. juni 2015. Det vart utveksla ei rekkje epostar knytt til reklamasjonane.
- (4) Rørleggerservice AS tok ut forliksklage mot A 29. juni 2015. Kravet gjaldt manglande betaling av to fakturaer for rørleggararbeid knytt til rehabiliteringa av badet til A. Kravet på i underkant av 200 000 kroner var spesifisert gjennom vedlagte fakturaer. Utskrift av ei epostutveksling, der A hadde teke til motmæle mot heile kravet med grunnlag i forseinkingar og manglar, var også vedlagt. Forliksklaga vart postforkynt. A mottok ikkje klaga. Han leverte ikkje tilsvar. Ved fråværsdom frå Indre Østfold forliksråd 3. november 2015 vart A dømd til å betale 197 841 kroner til Rørleggerservice AS.
- (5) A klaga 27. november 2015 på dommen per epost til forliksrådet. Han peikte på feil, manglar og kostnadsoverskridingar ved rehabiliteringsprosjektet. A opplyste at klaga ville

bli ettersendt per post. I epost frå forlikrådet 15. desember 2015 fekk A rettleiing om at han kunne freiste å overprøve dommen ved å gå til tingretten. Han vart gjeve rettleiing om korleis det skulle gjerast, mellom anna vart det informert om at dokumentet måtte ha originalsignatur. Forlikrådet mottok ikkje noko slikt dokument frå A.

(6) Etter at namsmannen våren 2016 hadde vedteke utleggstrekk i As løn på bakgrunn av forlikrådets dom, kontakta A forlikrådet på nytt. Det går fram at han meinte han hadde "klaga" over fráværdsdommen frå forlikrådet. Noko slik "klage" var ikkje registrert og A kravde i staden 3. mai 2016 gjenopning av dommen frå forlikrådet. Med omsyn til det materielle kravet gjorde han gjeldande at Rørleggerservice AS hadde overfakturert for tenestene sine. I tillegg var det igjen vist til manglar og forseinkingar. Ved Heggen og Frøland tingretts orskurd 10. august 2016 vart kravet om gjenopning ikkje teke til følge.

(7) A tok 5. april 2017 ut stemning mot Rørleggerservice AS med slik påstand:

- "1. **Rørleggerservice AS betaler erstatning for økonomisk tap til A etter rettens skjønn, oppad begrenset til kr. 250.000,-.**
2. **Rørleggerservice AS tilbakebetaler overfakturert beløp til A etter rettens skjønn, oppad begrenset til kr. 95.782,- med tillegg av renter.**
3. **Rørleggerservice AS betaler erstatning for tap ellers i forbindelse med tjenesteoppdraget etter rettens skjønn.**
4. **Rørleggerservice AS betaler A sakskostnader for tingretten."**

(8) Rørleggerservice AS kravde søksmålet avvist sidan krava var rettskraftig avgjorde ved forlikrådets dom 3. november 2015 og tingrettens orskurd 10. august 2016.

(9) Heggen og Frøland tingrett sa orskurd 10. juli 2017 med slik slutning:

- "1. **Sak nr. 17-060043TVI-HEGG avvises.**
2. **A betaler innen 2 – to – uker fra forkynnelsen kr. 36.000,-, – kronertrettisekstusen 00/100 – i sakskostnader til Rørleggerservice AS."**

(10) A anka til Borgarting lagmannsrett, som 28. november 2017 sa orskurd med slik slutning:

- "1. **Anken forkastes.**
2. **I sakskostnader for lagmannsrett betaler A 18 000 – attentusen – kroner til Rørleggerservice AS innen to uker fra forkynnelsen av kjennelsen."**

(11) A har anka til Høgsterett over sakshandsaminga og rettsbruken. Ved Høgsteretts ankeutvals avgjerd 21. februar 2018 vart det bestemt at anken skulle avgjerast av Høgsterett i avdeling med fem dommarar etter munnlege tingingar, jf. domstollova § 5 første ledd andre punktum, jf. tvistelova § 30-9 fjerde ledd.

(12) Den ankande parten – A – har i hovudsak gjort gjeldande:

(13) Lagmannsrettens forståing av kva som er rettskraftig avgjort er feil. Krava er ikkje rettskraftig avgjorde fordi motsegnene til A ikkje var ein del av partanes påstandsgrunnlag for forlikrådet – og fordi epostane der motsegnene er nemnde ikkje er

ført som prov for forlikrådet. Under alle omstende er motsegnene om overfakturering og skadebot ikkje rettskraftig avgjorde då dei ikkje er same krav som kravet om betaling.

(14) A har lagt ned slik påstand:

- "1. Saken fremmes.
2. Rørleggerservice AS ved styrets leder B idømmes sakskostnader for alle instanser."

(15) Ankemotparten – Rørleggerservice AS – har i hovudsak gjort gjeldande:

(16) Lagmannsrettens orskurd er korrekt. As motsegner mot betalingskravet gjekk fram av vedlegget til forliksklaga og er gjort gjeldande av A. Forlikrådetets dom stenger under alle omstende for krava som er reist i stemninga; motsegnene om overfakturering og skadebot er rettskraftig avgjorde ved forlikrådetets dom.

(17) Rørleggerservice AS har lagt ned slik påstand:

- "1. Anken forkastes.
2. Rørleggerservice AS tilkjennes sakens omkostninger for Høyesterett."

(18) *Eg er komen til* at anken ikkje kan føre fram.

(19) Ettersom lagmannsretten har avvist saka har Høgsterett full prøvingskompetanse, jf. tvistelova § 30-6 første ledd bokstav a.

(20) Det er ein absolutt prosessføretnad at krav og rettsforhold som det blir reist søksmål om, ikkje alt er rettskraftig avgjorde mellom partane. Dersom dei krava A har sett fram mot Rørleggerservice AS i denne saka er dei same som vart rettskraftig avgjort i forlikrådetets fráværdsdom i 2015, skal saka avvisast. Tvistelova § 19-15 tredje ledd lyder:

"Retten skal avvise en ny sak mellom samme parter om et krav som er rettskraftig avgjort, om ikke saksøkeren på grunn av tvist om avgjørelsens bindende virkning eller andre særlige forhold likevel har søksmålsinteresse etter § 1-3."

(21) Det er eit sikkert utgangspunkt at det berre er krav som er gjort til tvistegjenstand som blir rettskraftig avgjort. Den materielle rettskraftverknaden omfattar ikkje prejudisielle rettsforhold, jf. Rt-2011-574 avsnitt 18. Unntak må gjerast der det er særleg nær samanheng mellom kravet som er tvistegjenstand og det prejudisielle spørsmålet, til dømes ei motsegn mot kravet som ikkje stør seg til eit sjølvstendig rettsforhold, jf. NOU 2001: 32 A side 381.

(22) Ei motsegn som er så nært knytt til hovudkravet at ho ikkje kan reknast som eit sjølvstendige rettsforhold, blir rettskraftig avgjort utan omsyn til om ho har vore framme i den første saka eller ikkje.

(23) Om ein i ei konkret sak står overfor to krav eller ei endring av søksmålsgrunnlaget innom ramma av det same kravet, kan somtid by på tvil. Det har utkrystallisert seg retningsliner i praksis for løysinga av nokre typetilfelle. Når det gjeld den generelle måten å nærme seg vurderinga på, er denne skildra slik i NOU 2001: 32 A side 382–383:

"Avgjørelsen av om man står overfor ett eller flere krav eller rettsforhold, vil måtte skje på grunnlag av en totalbedømmelse av flere forhold. Det viktigste momentet er nok om de rettsfølger som gjøres gjeldende er kvalitativt ulike. Om rettsfølgene er kvalitativt like, begge grunnlag munner for eksempel ut i et pengekrav, vil det være et viktig moment i hvilken utstrekning de kan kumuleres, det vil si gjøres gjeldende ved siden av hverandre. Kumulasjonsadgang tilsier at man står overfor flere krav. Krav som er alternative, slik at det ene utelukker det annet, vil lettere bli ansett for å utgjøre samme rettsforhold. Det er også et moment, om enn mindre viktig, hvorvidt det er vesensforskjell mellom de faktiske vilkårene som må foreligge for at kravet skal inntre. Endring av det rent rettslige grunnlaget for kravet innebærer på den annen side ikke at det skifter identitet. Et ytterligere moment er om de interesser rettsreglene tar sikte på å beskytte, i det vesentlige er de samme. Dessuten har tradisjonell oppfatning en viss vekt."

(24) I NOU 2001: 32 A side 384 er "eksempel J" omtalt slik:

"J) Selgerens krav på betaling av kjøpesummen er som utgangspunkt samme rettsforhold som kjøperens krav om prisavslag, idet prisavslagskravet anses som en innsigelse mot vederlagskravets størrelse, og ikke som et motkrav knyttet til et selvstendig rettsforhold. Iallfall er det oppslutning om denne løsningen i teorien, og den har fått tilslutning i Rt-2000-1420 ..."

(25) Etter førearbeida til tvistelova skal såleis eit krav om prisavslag reknast som ei motsegn mot vederlagskravet, slik at det som utgangspunkt ikkje kan fremjast som eit særskilt krav i ei seinare sak.

(26) Eit krav på skadebot etter kontraktsbrot har tradisjonelt blitt handsama annleis. Om forholdet mellom vederlagskrav og skadebotkrav heiter det i NOU 2001: 32 A side 384:

"Vederlagskrav i kontraktsforhold er som utgangspunkt et annet rettsforhold enn motpartens krav på erstatning på grunn av mislighold av samme kontrakt."

(27) Også i rettspr aksis har det blitt lagt til grunn at det kan reisast sak mot kreditoren for vederlagskravet med krav om skadebot for manglar ved oppfyllinga av avtala sjølv om vederlagskravet var rettskraftig avgjort, sjå Rt-1965-1362 og Rt-1966-505. Saksforholdet i 1965-saka ligg nært opp til vår sak, men til skilnad frå vår sak, handla ho om ein dom frå forlikrådet der det ikkje låg føre opplysningar om motsegner mot betalingskravet. I avgjerda frå 1966 vart skadebotkravet rekna som eit motkrav som ikkje kunne avvisast som følge av den dågjeldande tvistemålslova §163 andre ledd om motkrav.

(28) Førearbeida til tvistelova bygger på at kjøparens krav på prisavslag for mangel er eit anna rettsforhold enn krav på erstatning for den same mangelen, sjå NOU 2001: 32 A side 384. Tvistelovutvalet viser her til fleirtalet i Rt-2000-199 (Pelsdyrhall).

(29) Seinare rettspraksis gjer at ein kan stille spørsmål ved rekkevidda av denne avgjerda, sjå til dømes Rt-2012-1138 med vidare tilvisingar. I avgjerda frå 2012 la ankeutvalet til grunn at eit krav om prisavslag for råteskader etter avhendingslova § 4-12 var det same kravet som eit krav om skadebot som var avgjort tidlegare. Det vart mellom anna lagt vekt på at det var samanheng mellom krava som var gjort gjeldande, og vist til prosessøkonomiske omsyn. Det var i begge sakene tale om pengekrav som rettsverknad etter kontraktsbrot.

- (30) Utviklinga i synet på forholdet mellom prisavslag og skadebotkrav gjer seg også gjeldande ved vurderinga av om slike krav skal reknast som motsegner mot vederlagskravet eller som sjølvstendige motkrav. Dette er drøfta i Skoghøy, Tvisteløsning, 3. utgave 2017 side 1095–1096, jf. side 1086.
- (31) Rettsfølgjene av prisavslag og skadebot som kontraktsbrotssanksjonar er kvalitativt like. Høvet til å kumulere slike krav kan etter omstenda tale i mot at det er same kravet, men det er eit stykkje på veg dei same faktiske vilkåra som må vera oppfylte. Det er vidare god prosessøkonomi å handsame desse krava samla. Dersom ein ved fastlegginga av reglane om rettskraft handsamar prisavslag og skadebot som kontraktsbrotssanksjon under eitt, vil dette kunne bidra til at alle slike krav blir trekte inn i den første saka, sjå her også Rt-2009-286 avsnitt 25. Omsyna bak tvistelova § 19-15 tredje ledd talar for ei slik løysing; rettskraftinstituttet er mellom anna grunngeve i at ei sak bør få ei endeleg avslutning, sjå til dømes Rt-2008-833 avsnitt 62 og Skoghøy, Tvisteløsning, 3. utgave 2017 side 1049–1050.
- (32) Dette, saman med nyare rettspraksis, gjev grunnlag for å kunne rekne både krav på prisavslag og krav på skadebot for kontraktsbrot som same krav. Dersom prisavslag blir sett fram som motsegn mot vederlagskravet i den første saka, kan det etter omstenda ikkje fremjast nytt krav om skadebot for det same kontraktsbrotet i ei ny sak. Kontraktsbrotssanksjonar i form av prisavslag eller skadebot kan då berre gjerast gjeldande dersom kravet er basert på omstende som har oppstått etter at den første saka vart teke opp til doms.
- (33) Eg går så over til vurderinga av kva som er rettskraftig avgjort i forlikrådsdommen frå 2015.
- (34) Kva som er rettskraftig avgjort, følgjer av ei tolking av avgjerda, sjå Rt-2012-1138 avsnitt 12 med vidare tilvising til Rt-1996-1480. Den sistnemnde avgjerda inneheld retningsliner for tolkinga. Høgsterett uttalte at utgangspunktet må takast i domskonklusjonen og at denne må haldast opp mot domspremissane og dei krava som er nedfelt i partanes påstandar og påstandsgrunnlag og argumentasjon slik det er referert i dommen. Saka gjaldt forståinga av ein høgsterettsdom. Synspunkta gjeld tilsvarande ved tolkinga av ein rettskraftig underrettsdom, jf. Rt-2012-1138 avsnitta 12 og 13.
- (35) Det må i prinsippet også vera utan tyding at dommen som skal tolkast er ein fråværsdom frå forlikrådet, jf. tvistelova § 16-10 andre ledd. Det ligg likevel i ordninga med fråværsdom at det oftare enn ved andre dommar vil kunne oppstå slike tolkingsspørsmål som vi står overfor her.
- (36) Det er berre opplysninga om "ubetalt fakturakrav", påstanden frå Rørleggerservice AS og forlikrådets slutning som går fram av dommen. Dommen inneheld inga grunngeving ut over tilvisinga til saksframstillinga i forliksklaga. Av forliksklaga går det fram at kravet gjaldt "rørleggerarbeid, deler og kjøring" som ikkje var betalt. Kravet var spesifisert. Epostutvekslinga mellom partane var vedlagt forliksklaga. Her gjekk det uttrykkeleg fram at A hadde imøtegått heile kravet, mellom anna som følgje av forseinkingar og manglar. Det var As tilbakehald av betalinga – som er ein sanksjon mot mishald – som var årsak til at Rørleggerservice AS sendte forliksklaga. På denne bakgrunnen er det klart at det var Rørleggerservice AS' krav om full betaling av dei to uteståande fakturaene – eit restbeløp for utført arbeid – som vart handsama og pådømt av forlikrådet. Det var reglane om

fråværsdom, jf. tvistelova § 16-10 andre ledd, som gjorde at forliksrådet ikkje tok uttrykkeleg stilling til motsegnene om kontraktsbrot og med det om tilbakehaldet var rettmessig eller ikkje.

- (37) Eg ser endeleg på dei tre krava som no er reist i stemninga og vurderer om dei alt er rettskraftig avgjorde i forliksrådsdommen.
- (38) Kravet i påstand nr. 1 er grunngeve i handverkarteneselova § 28 om skadebot ved manglar og forseinking. Kravet i påstand nr. 2 er grunngeve i handverkarteneselova § 32 andre ledd om bindande prisoverslag. Kravet i påstand nr. 3 er grunngeve i handverkarteneselova § 29 andre ledd om skadebot for anna tap i samband med tenesteoppdraget.
- (39) Når ein skal avgjera om ein står overfor det same eller ulike krav er det realitetane som tel; ikkje den formelle utforminga av påstanden, jf. NOU 2001: 32 A side 383.
- (40) Ein dom om betalingsplikt utelukkar eit krav om tilbakebetaling i ei seinare sak. Kravet tufta på overfakturering er tvillaust "så nær knyttet til til hovedkravet at de må anses som argumenter mot dette", jf. NOU 2001: 32 A side 381, og ikkje som eit sjølvstendig rettsforhold. Tilbakebetalingskravet må reknast som ei motsegn som er rettskraftig avgjort ved forliksrådets dom. Dei kvalitative rettsverknadene er her like og det er reglane om fastsetjing av vederlaget, i lova og avtala, som er utgangspunktet både for betalingskravet og tilbakebetalingskravet.
- (41) Når det gjeld dei to andre krava, er svaret ikkje like tvillaust. Begge krava på skadebot spring ut av det same kontraktsforholdet og byggjer på at Rørleggerservice AS har mishalde avtala med A. Dette gjeld også kravet som er fremja med påstått heimel i handverkarteneselova § 29 andre ledd. Denne regelen heimlar skadebot for tap som ikkje er ein følgje av forseinking eller mangel. Dei tapspostane som no er kravd dekt under § 29 andre ledd er likevel beint fram tufta på feil og mishald ved utføringa av det avtalte arbeidet.
- (42) Realiteten bak krava som er fremja – både etter handverkarteneselova §§ 28 og 29 – er at A meiner Rørleggerservice AS ikkje hadde krav på full betaling fordi arbeida var mangelfulle. Dette var som nemnd bakgrunnen for at A som kontraktsbrotssanksjon heldt attende fakturabeløpa som forliksrådet har gjeve dom for – og som i si tid gjorde det nødvendig for Rørleggerservice AS å ta ut forliksklaga. Det er etter mitt syn då mest treffande å rekne også dei kontraktsbrotskrava som er sett fram i denne konkrete saka som så nært knytte til kravet som vart fremja for forliksrådet at dei er motsegner som er rettskraftig avgjorde ved forliksrådets dom.
- (43) Anken blir etter dette forkasta. Rørleggerservice AS har kravd sakskostnader for Høgsterett med 278 125 kroner inkludert meirverdiavgift. Eg finn at kravet må takast til følgje, jf. tvistelova § 20-2, jf. § 20-5.
- (44) Eg stemmer for slik

O R S K U R D :

1. Anken blir forkasta.

2. I sakskostnader for Høgsterett betaler A til Rørleggerservice AS 278 125 – tohundreogsyttiåttetuseneitthundreogtjuefem – kroner innan 2 – to – veker frå forkynninga av denne dommen.

- (45) Dommer **Arntzen:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende.
- (46) Dommer **Bergh:** Likeså.
- (47) Kst. dommer **Sverdrup:** Likeså.
- (48) Dommer **Webster:** Likeså.
- (49) Etter røystinga sa Høgsterett slik

O R S K U R D :

1. Anken blir forkasta.
2. I sakskostnader for Høgsterett betaler A til Rørleggerservice AS 278 125 – tohundreogsyttiåttetuseneitthundreogtjuefem – kroner innan 2 – to – veker frå forkynninga av denne dommen.

Rett utskrift blir stadfesta: